Vestland fylkeskommune

Avdeling for
Kultur og folkehelse (KFO)

Dato	16.10.2024
Vår referanse	2024/32352-6
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Robert Stormark
E-post	Robert.Stormark@vlfk.no
Telefon	

HOLON ARKITEKTUR AS
Tollbodallmenningen 2A
5004 BERGEN

Resultat arkeologisk registrering og vidare prosess - detaljregulering - Steinerskolen - Skjold - gnr. 40 bnr. 24 m. fl. - Bergen kommune

Vi viser til tidlegare dialog knytt til den arkeologiske registreringa i samband med detaljregulering for Steinerskolen på Skjold, Bergen kommune.

Den arkeologiske registreringa er ferdigstilt. Det er påvist eit automatisk freda kulturminne innanfor planområdet. Kulturminnet er lagt inn i den nasjonale kulturminnedatabasen «Askeladden» med id. 324004. Her er registrert spor av førhistorisk aktivitet i form av eit dyrkingslag og ei kokegrop. Rapport er enno ikkje ferdig, denne vert ettersendt.

Slik planforslaget ligg føre er det i direkte konflikt med det automatisk freda kulturminnet.

Vidare prosess

I detaljreguleringa kan ein forsøke å bevare kulturminnet i plan, eller å søkje om å frigjeve kulturminnet. Å bevare kulturminnet gjennom plan inneber å gjere endringar på tiltak og arealføremål, samt sikre kulturminnet gjennom omsynssoner og tilhøyrande føresegn. Eit alternativ til der tiltakshavar ikkje kan justere planen for å ta omsyn til automatisk freda kulturminne, kan ein søke om dispensasjon for løyve til inngrep i det automatisk freda kulturminne.

Å bevare kulturminnet gjennom plan

Automatisk freda kulturminne skal som hovudregel bevarast i reguleringsplan gjennom arealføremål som ikkje opnar for nye tiltak, kombinert med omsynssoner og tilhøyrande føresegner, jf. plan- og bygningslova §§ 11-8c, 11-8d og 12-6. Automatisk freda kulturminne skal markerast med omsynssone d (SOSI-kode H730), avgrensinga skal omfatte lokalitetsavgrensing samt fem meter sikringssone. Vidare bør det leggjast ei omsynssone c (SOSI-kode H570) i eit større areal rundt lokaliteten for å sikre kulturminnet mot inngrep og skjemming, jf. § 3 i kulturminnelova.

Vi ber om at turveg med namn TV4 takast ut av planen då denne er i direkte konflikt med det automatisk freda kulturminnet. Dersom ein ønsker ein alternativ trasé for turveg TV4, må denne gå utanom lokalitet og sikringssone.

Vi ber om at arealføremål uteoppholdsareal (f_UTE) vert revidert og justert ned i storleik i vestleg ende, slik at denne ikkje går inn i kulturminnet sin sikringssone. Sjå forslag til ny f_UTE på vedlagt kartskisse:



Oversiktskart automatisk freda kulturminne og sikringssone, samt forslag til ny f_UTE.

Omsynssoner knytt til kulturminne:
Automatisk freda kulturminne med 5 m kringliggjande sikringssone fastsett i kml. § 6, skal som hovudregelen bli vist som omsynssone «d» i plankartet, jf. plan- og bygningslova (pbl.) §§ 11-8 d (bandlegging etter kulturminnelova) og 12-6. Omsynssona krev avmerking med rutenettskravur i samsvar med sosikode H730, og må bli følgd av reguleringsføresegner som sikrar omsynet til kulturminnet, jf. pbl. §12-7. Omsynssona let seg ikkje kombinere med arealføremål nemnd i pbl. § 12-5 som inneber inngrep.

Omsynssone «c» for bevaring av kulturmiljø kring kulturminnelokalitetane, jf. pbl. §§ 11-8 c og 12-6, krev avmerking med skråstilt skravur i samsvar med sosikode H570. Omsynssona må bli følgd av reguleringsføresegner, jf. pbl. §12-7, som held i hevd den landskapsmessige konteksten kulturminnet ligg i, og sikrar det eit framtidig vern mot utilbørleg skjemmande nedbygging og skadelege tiltak i nærområdet. Omsynssona let seg ikkje kombinere med arealføremål nemnd i pbl. § 12-5 som inneber inngrep. Sjå forslag til omsynssone H570 på vedlagt kartskisse:



Forslag til omsynssone H570 bevaring kulturmiljø (skråstilt skravur).

Reguleringsføresegner som sikrar omsynet til automatisk freda kulturminna:
«Omsynssone H730, bandlegging etter lov om kulturminne. I dette arealet ligg det automatisk freda kulturminne (Askeladden id. 324004). I omsynssone H730 er det ikkje tillate å gjere nokon form for varige eller mellombelse inngrep som er egna til å skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, dekkje til, skjule eller på nokon måte utilbørleg skjemme automatisk freda kulturminne, eller framkalle fare for at dette kan skje, jf. kulturminnelova § 3».

«Omsynssone H570, bevaring av kulturmiljø. I dette området ligg det automatisk freda kulturminne (Askeladden id. 324004). Omsynssone H570 skal hindre varige eller mellombelse tiltak som er egna til å utilbørleg skjemme automatisk freda kulturminne, eller endre opphavleg topografisk samanheng, jf. kulturminnelova § 6. Eventuelle tiltak i omsynssona må avklarast med kulturminnemynde».

Å frigjeve kulturminnet gjennom plan

Eit alternativ der planen ikkje kan justerast for å ta omsyn til automatisk freda kulturminne, kan det for viktige samfunnsmessige tiltak søkast dispensasjon frå kulturminnelova for løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne. Planframlegget slik det ligg føre er i konflikt med automatisk freda kulturminne Askeladden id. 324004. Planen må handsamast som søknad om dispensasjon frå kulturminnelova § 8 4. ledd. Dispensasjon frå kulturminnelova avgjerast av Vestland fylkeskommune. Tilråding til dispensasjon føreset at Vestland fylkeskommune kan seie seg samd i arealbruken i planen. For vurdering av dispensasjon skal vi innhente uttale frå Universitetsmuseet i Bergen, som utarbeider tilråding, prosjektplan og førebels utgravingsbudsjett. Vi gjer merksam på at dispensasjon frå kulturminnelova vanlegvis blir gjeve på vilkår av nærare arkeologisk gransking. Etter § 10 i kulturminnelova skal slike granskingar dekkast av tiltakshavar.

Kulturminna som er i direkte konflikt med nye tiltak, og som det dermed må søkjast dispensasjon frå kulturminnelova for, må markerast med *område for føresegn* i plankartet, med avgrensing utan 5 meter sikringssone.

Kulturminne som tiltakshavar ynskjer frigjevne gjennom plan skal kan synleggjerast i føresegnene slik:

Denne teksten skal takast inn i fellesføresegnene i reguleringsplanen:
«Før det blir sett i verk tiltak i medhald av planen, skal det gjerast arkeologisk utgraving av automatisk freda kulturminne, Askeladden id. 324004 som er markert som område for føresegn i plankartet.

Tiltakshavaren skal ta kontakt med Vestland fylkeskommune i god tid før tiltak etter planen skal gjennomførast, slik at omfanget av den arkeologiske granskinga kan fastsetjast jf. kulturminnelova § 10.»

Vilkår for dispensasjon
Dispensasjon frå den automatiske fredinga gjennom planvedtaket føreset at den nemnde teksten ovanfor blir innarbeidd i reguleringsføresegnene.

Seksjon for kulturarv ber dykk om å ta kontakt for gjennomgang av planforslaget for å løyse konflikt med automatisk freda kulturminne.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
leiar
KFO - Arealplan

Robert Stormark
seniorrådgjevar
KFO - Arealplan

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

BERGEN KOMMUNE PLAN- OG BYGNINGSETATEN	Postboks 7700	5020	BERGEN